

Kvifor tek barnevernstenesta kontakt med dykk?

Vi skal hjelpe dykk

Den viktigaste oppgåva til barnevernstenesta er å passe på at barn har det trygt og godt når dei veks opp i Noreg. Det gjer vi først og fremst gjennom å hjelpe familien.

Vi tek kontakt med dykk fordi nokon er bekymra for om barnet deira har det bra. Derfor har dei melde frå til oss. No vil vi møte dykk, og vi ønskjer å høyre korleis de har det, og kva de tenkjer om bekymringsmeldinga vi har fått. Viss det er noko de treng hjelp med, har vi mange ulike hjelpetilbod som kan vere til nytte for familien.

Det er heilt normalt å bli urolege når vi i barnevernstenesta tek kontakt. Vit at det også er vanleg at foreldra kjem til oss og ber om hjelp på eige initiativ, eller at eit barn sjølv tek kontakt. Når nokon tek kontakt med barnevernstenesta, er det for at barn og familien deira skal få støtte.

Nokre gonger finn vi ut at det ikkje er nokon grunn til å vere bekymra, og då blir meldinga lagd bort.

Kva kan barnevernstenesta hjelpe dykk med?

Barnevernstenesta kan hjelpe på fleire måtar, og vi ønskjer å få til noko saman med dykk som familie. Det vanlegaste er at vi hjelper familien i kortare eller lengre periodar, ofte på fleire ulike måtar samtidig. Vi gir ofte råd og rettleiing til foreldra, og vi samarbeider med skule, barnehage, NAV, fastlege og andre for å hjelpe dykk.

Andre måtar vi kan støtte de på, kan vere å hjelpe dykk med barnehageplass, besøksheim eller anna støtte til barn.



Kva rettar har de?

De har mange rettar i møte med barnevernstenesta, og de vil få meir informasjon om dette når de møter oss. Nokre av rettane er:

- De har rett til tolk når de møter barnevernstenesta. Si frå til oss viss de har behov for tolk.
- De har rett til å ha med ein person de stoler på i møtet med barnevernstenesta. Dette gjeld både foreldre og barn.
- De har rett til å få god informasjon om saka.
- De har rett til å medverke i eiga sak.



Kva plikter har barnevernstenesta?

Alle norske kommunar skal ha ei barnevernsteneste.

- [Barnevernslova](#) skal vere grunnlaget for arbeidet.
- Når vi i barnevernstenesta får ei bekymringsmelding, har vi plikt til å vurdere om vi skal sjå nærare på saka. Viss vi kjem fram til at vi skal undersøkje korleis barnet har det, snakkar vi med fleire personar rundt barnet for å finne ut om barnet og familien treng hjelp.
- Barnevernstenesta skal samarbeide med andre hjelpetenester når det kan gi betre hjelp for barnet og familien.
- Barnevernstenesta skal ta omsyn til kulturen til familien, etnisitet, religion og språk.
- Barnevernstenesta skal sørge for at barnet og foreldra får god informasjon og høve til å seie kva dei sjølv meiner.

Barnevernet kan hjelpe barn og familiar når barnet eller familien har det vanskeleg. Viss du ønskjer meir informasjon om barnevernet, sjå bufdir.no/barnevern.